

# Ånto og Bryggefjell



Bryggefjell er den mest markerte delen av Lifjell sett frå Bøbygda. Bø Turlag har blåmerka stiar opp dit både frå Innleggen øvst i Liheia og frå Breskelia her du nå står. Frå Bryggefjellnuten (786 moh.) er det strålende utsikt i alle retningar. Ein tur dit byr på dei finaste naturopplevingane ein kan tenke seg. Det er ikkje tilfeldig at Bø Turlags 20-årsjubileumsvarde blei bygd på denne nuten.



Bygging av turlagets jubileumsvarde. (Foto: Arne Hjeltnes)


## Tur til Ånto

Blir turen til Bryggefjellnuten for strevsam kan ein nøye seg med ein kortare tur opp til den gamle husmannsplassen Ånto. Følg den blåmerka stien opp til segnsteinen "Bakstekjerringa" og fortsett vidare opp til Langeskor. Her låg plassen Langeskor med vid utsikt mot bygda. Turen vidare oppover byr på nye opplevingar. Vi passerar Treskjeberget og Hestesvea før vi til slutt kjem fram til Ånto om lag 3 km frå parkeringsplassen. Høgdeforskjell 350 m.

## Tur til Bryggefjellnuten

Dette er ei lang og strevsam tur. Frå Ånto, sjå ovafor, går vi inn Tjønnsuldalen og herifrå opp til Skjentjønn der det kan passe å ta ein rast og kanskje eit bad også. Herifrå er det ikkje lange vegen opp til Bryggefjellnuten. Heimturen er grei, først ned til Kolahuset og så stien til høgre mot Dingdangkyrkja. Så den bratte kneiken ned til Langeskor og vidare ned til parkeringsplassen langs den same stien som vi kom opp. Regn med 4 – 6 timar på heile runden som er om lag 12,5 km. Høgdeforskjellen er 600 m. Men hugs at etter frostnetter kan svaberga vere glatte.

Raste- og  
Badeplass  
ved  
Skjentjønn



Utsikt frå varden mot Bøbygda. (Foto: Arne Hjeltnes)

## Dyreliv og bloma

I skogen nedunder toppen lever både elg og rådyr. Av og til syner elgen seg oppe i snaufjellet til glede for turfolket. Orrfugl og tiur kan ein sjå på stille kveldar og om ein er heldig, kan jerpa vise seg og. På sørsida av fjellet er det fast hekkeplass for kvitryggspetten – kanskje den einaste i Bø?

Langeskor har ein rik og interessant flora. Her finn vi den gule orkideen søstermarihand, som er Telemarks fylkesblomst. Dessutan kan vi finne vårmarihand og brudespore. Også kystplanta sørlandsvikke har funne seg ein leveplass her oppe. I Tjønnsuldalen finst sjeldne og raudlista soppartar som lys hårkjuke, rosenkjuke og rynkeskinn.



Telemarks  
fylkesblomst  
søstermari-  
hand veks på  
Langeskor-  
plassen

## Husmannsplassar og stular

Dei fyrste plassane vi kjem til ligg i Langskor, det er Langeskorenden og Langeskorplassen. Aller øvst i Langeskora finn vi plassen Ånto der det ei tid budde to familiar. I Tjønnsuldalen låg Tjønnstul og Kompånholet og høgt oppe i lia låg stulen Flugopp. Ved Sletteli og Sletteliberga låg det fleire plassar. Stien går tett inntil Slåtta, Bakken og Kolahuset. Namnet Kolahuset fortel at kolbrenning har vore vanleg i dette området.

## Dingdangkyrkja

Dingdangkyrkja er ei hule under ei stor steinblokk som har rasa ned frå fjellsida. Segna fortel at det i løynd blei halde katolske messer her etter reformasjonen.